



Situasjonen i ettermiddag ved kassene på SPAR: Kø av kundar og tilsette som pakkar på spreng. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Alt tyder i ettermiddag på at julehandelen på SPAR i Uskedalen i år kjem til å overgå fjoråret, men først ved stengjetid i morgon klokka 13 kan leiinga seie det sikkert.**

Det strekar leiinga under i ein juleinnsjutt prega av stor tilstrøyming og kø ved kassene. Også omsetnaden før jul i fjor var rekordarta. Det har vore auke for kvart år - det gjeld også omsetnaden på årsbasis for ein landsens butikk som har erobra både gull og sølv på landsbasis for god service.

Desember er tradisjonelt den nest beste månaden for SPAR og representerer rundt rekna 10 prosent. Den blir berre overgått av juli som representerer 15 prosent. SPAR Uskedalen passerte ifjor 30 millionar brutto og det blir spanende å sjå kor dei endar for året som snart er slutt.

- Er det nokre nye tendensar i salet no i julemånaden?

Dagleg leiar Bente Nilsen svarar: - Det er ingen store svingningar, men det går noko meir svineribbe enn før.

Salet av pinnakjøtt går ikkje attende

på grunn av dette, svineribba kjem i tillegg og kjem på marknaden før Vestlands-slagaren.

- Og så har SPAR sin eigen juleslagar...

-Jau, sylteflesket aukar i popularitet for kvart år, svarar produsent Gunn Mari Moberg.

- Etter ein pluss på 100 kilo samanlikna med i fjor nærmar vi oss no eit sal på 400 kilo eller 4.000 pakkar. Det er rekord i dei 14 åra eg har laga sylteflesket sjølv, opplyser Gunn Mari.

At eg fekk betre kokemogelegheiter for 8 år sidan betydde mykje. Skal vi auke enda meir må eg ha enda meir utstyr.

-Kva med catering?

-På det området har vi auka så mykje at vi ikkje kan seie ja til alle. Det gjeld ikkje minst i opptakten til jula, men vi står foran eit nytt positivt år kva catering angår. Mai er allereie fullteikna, opplyser Bente.

Av Ola Matti Mathisen



Er 2010 eitt nytt rekordår for SPAR-teamet?